


Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i påsketida – 7. mai 2017

Preiketekst: Joh 16,16-22

Lesetekst I: Jes 57,7-10 / Apgj 9,36-43

Lesetekst II: Fil 3,12-14

Ventetid

Ei lita stund

Preiketeksta er frå Jesu avskilstale. Han skal vera borte frå dei ei lita stund. Kva er ei lita stund? Er det dei tre dagar Jesus låg i grava og dei skulle sørgja og klaga, men gleda seg da Jesus stod opp att?

«Om ei lita stund ser de meg ikkje lenger, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg.»

Det var sikkert ei lang tid for læresveinane. Men det er noko heilt anna dersom vi tenkjer på at det handlar om den ventetida vi no er inne i før Jesus kjem att. Tida etter påske da Jesus kom bort for dei. Tusenvis av år. Ei lita stund?

Han er borte for oss, og vi lever i ei ventetid, tida til han kjem att.

Det kan vera vanskeleg å tru at han skal koma att etter så lang tid. Det var like vanskeleg for læresveinane å tru at han skulle stå opp att frå grava. Men heile vår kristne tru byggjer på at han verkeleg gjorde det. Og som kristne trur vi også at han skal koma igjen. Ei gjennomgripande forandring. Like stort som ein barnefødsel, Jesus sammenliknar smerten og gleda.

Det er ei smerte at han er borte for oss, men ei glede og eit håp at han skal koma att og gjera alt nytt.

«No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk.»

Vi skal sjå han att

«Ja, engang mine øyne skal se kongen i hans prakt;
få tilbe i hans tempelhall hans nåde og hans makt.»

slik Karl Marthinussen så vakkert uttrykker det i sin salme.

Paulus seier i Fil 3 at vi har ikkje nådd målet, men jagar etter det og etter sigersprisen som Gud har kalla oss til i Kristus Jesus.

Fordi denne søndagen også handlar om glede, er den frå gammelt kalla «Jubilate», frå ein jubelsalme som vart sunge som inngangssong til messa. «Rop med jubel for Gud, all jorda!» Det er ein dag for lovsong. Men også ein dag til ettertanke.

Forlatt

Å bli forlatt er noko av det mest skremmande vi kan oppleva, forlatt av vener og dei vi er glad i, av dei som skulle beskytta oss og verna om oss. Det er ikkje noko så skremmande for eit lite barn som å bli forlatt. Det burde vi kanskje tenkja meir på i vår tid. For mange opplever det. Men det er også av det verste som skjer oss som vaksne.

Jesus *var* forlatt av Gud. Eller *kjente seg* forlatt av sin Far?

Vi kan også kjenna oss forlatt av Gud. I krisesituasjonar, i mørke tider, under sjukdom, i sorg. Men

hans ord seier at han vil ikkje forlata oss. Enda i det svartaste mørke ser han oss og held oss fast. Og ingen kan riva nokon ut av hans hand, seier Jesus. (Joh 10, 28-29)

I GT-lesinga frå Jes 54 har vi ein sterk lovnad om at Gud ikkje forlet folket sitt. Det galdt spesielt Israels folk, som er hans utvalde folk til evig tid. Men vi får tru at det også gjeld oss som er hans folk i dag.

Og Jesus sjølv sa: «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk.» (Joh 14,18)

Tomromet

Når vi mister nokon av våre kjære, er det normalt å kjenna på eit tomrom. Ei ung kvinne som mista ei kjær mor, skreiv eit vakkert stykke om sorga ho kjente da ein vegg fall ut av livet hennar. Ho kjente på eit stort tomrom der kalde vindar bles inn der veggen var falt ut. Ho skriv at det er merkeleg kor stor plass eit tomrom tar, det var ikkje plass for noko anna. Tomromet tok all plassen. Straks etter Jesus hadde forlatt venene sine, opplevde dei eit stort tomrom som dei ikkje klarte å fylla. Dei var apatiske, redde, hjelpelause og handlingslamme. Heilt til tomromet vart fylt av Den heilage Ande pinsedag. Da visste dei kva dei skulle gjera. Da torde dei aktualisera Jesu ord og ordre om å gå ut til alle folk med den glade budskapet om Jesu siger over døden og djevelen. Til jødar først og så til alle folkeslag.

Denne ordren og dette oppdraget gjeld alle kristne.

Det er ikkje slik at vi berre skal setja oss ned og venta på at Jesus skal koma att.

Gudsriket

Å venta på Jesus er å venta på at Gudsriket skal koma fullt ut og fullkoment. Men det er alt her, i vår tid og på denne jorda. Og det er vår oppgåve som kristne å arbeida for at dette riket skal koma, hos oss og til heile verda.

Vi er i eit jubileumsår for reformasjonen og Luther. Luther var sikker på at Herren ville koma att i hans tid. Og det kjente ordet om epletreet som han ville planta i dag om han visste verda ville forgå i morgon, er like aktuelt for det Gudsriket han bygde. Det satsa han alt på å planta, vatna og ta vare på, sjølv om han trudde tida snart var slutt. Om ei lita stund. Guds sanne kyrkje på jorda. Dette er eit eksempel for oss fem hundre år etter.

Og med vi ventar og arbeider, kan ingen ting skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre. (Rom 8,39)

Vi føler det er ei lang tid, men for Gud er tusen år som ein dag, «som dagen i går da han for framom, eller som ei nattevakt.» (Salme 90,4)

Einy Rendal Elgsæther

Pensjonist. Prestevikar. Tidl. Misjonær Santalmisjonen / Normisjon.

einyre@gmail.com